



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Turid Stigen Sørensen	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/958 - 1
---	---------------	------------------------------------

Framlegg til plan for busetting, integrering og inkludering av flyktningar 2026 - 2030

Kort samandrag:

Lærdal og Aurland kommunar har utarbeidd ein felles plan for busetting, integrering og inkludering av flyktningar for perioden 2026–2030. Planen er eit styrings- og samarbeidsdokument som skal gjere ansvar, arbeidsdeling og forventningar tydelege for politisk nivå, administrativ leiing, flyktingtenesta, kommunale tenester, samarbeidspartar og lokalsamfunn.

Saksframstillinga omtalar i hovudsak lokale forhold og konsekvensar for Lærdal kommune, medan den vedlagde planen er utarbeidd i fellesskap for Lærdal og Aurland.

Planen har hovudvekt på busettingsarbeidet og dei oppgåvene som ligg til flyktingtenesta/Nav og vaksenopplæringa, men viser samstundes korleis arbeid med oppvekst, helse, bustadforvaltning, kultur, frivilligheit og lokale arbeidsgjevarar inngår i eit samla integreringsarbeid.

Kommunedirektøren si tilråding:

Plan for busetting, integrering og inkludering av flyktningar i Lærdal og Aurland 2026–2030 vert vedteken slik den ligg føre.

Kapittel 13 i planen erstattar tidlegare kommunestyrevedtak frå 2018 om universell støtte til førarkort for flyktningar i Lærdal.

27.08.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet:

Janne Marie Reppen (AP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka
Jon Martin Valaker Nes (AP) møtte.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøstes vedteken.

FS - 065/26 Vedtak

Plan for busetting, integrering og inkludering av flyktningar i Lærdal og Aurland 2026–2030
vert vedteken slik den ligg føre.

Kapittel 13 i planen erstattar tidlegare kommunestyrevedtak frå 2018 om universell støtte til
førarkort for flyktningar i Lærdal.

Vedlegg:

Plan for busetting, integrering og inkludering av flyktningar 2026 - 2030

Godkjenning av ukrainske førarkort i Noreg

Førespurnad om uttale frå køyreskular, inkludert svar frå 2 køyreskular

Relevante dokument, lover og forskrifter

- integreringslova med tilhøyrande forskrifter
- lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtenestelova)
- folketrygdlova
- opplæringslova
- helse- og omsorgslovgivinga
- lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet
- plan- og bygningslova der bustadtiltak er aktuelle
- kommunelova, delegeringsreglement og økonomireglement
- IMDi sine retningslinjer for integreringstilskot og andre relevante tilskot

Planen byggjer vidare på tidlegare integreringsplan for Lærdal, rutinar for flyktingtenesta,
retteiingsmateriell frå IMDi og Regjeringa knytt til busetting og integrering.

Saksutgreiing

Den tidlegare integreringsplanen for Lærdal og Aurland er utdatert, både med omsyn til
regelverk, samansetjing av flyktinggruppa og lokal praksis. [Integreringsplanen](#) var sist til
politisk handsaming i 2019, med nokre interne tilpassingar i ettertid. Det er difor utarbeidd eit
nytt framlegg til felles plan med ny tittel, slik at planen ikkje blir forveksla med dei
individuelle integreringsplanane som skal utarbeidast for deltakarar etter integreringslova.
Planen erstattar ikkje sektorspesifikke fagplanar eller individuelle integreringsplanar etter

integreringslova, men synleggjer korleis kommunane vil organisere og samordne arbeidet på systemnivå.

For Lærdal kommune omfattar revisjonen òg kommunestyrevedtak frå 2018 om støtte til førarkort, sak 086/18: [Kommunalt tiltak –førarkort til busette flyktningar](#). Ordninga har vore universell for flyktningar i integreringsperioden. Flyktninggruppa som blir busett i dag skil seg frå situasjonen då ordninga vart vedteken, mellom anna som følgje av fleire personar med mellombels kollektiv beskyttelse frå Ukraina. Revisjonen omfattar difor ei ny vurdering av førarkortordninga. Vedlagd notat om godkjenning av ukrainske førarkort er ein del av grunnlaget for vurderinga.

Status for busetting

Lærdal kommune har sida 2016 hatt jamleg busetting av flyktningar. Tal frå IMDi viser følgjande busettingstal per år:

År	Oppmoding frå IMDi	Vedtak i kommune-styret	Faktisk busetting utan fødselar og familiesameining
2016	20	20	18
2017	10	15	13
2018	0	-	6
2019	10	10	7
2020	10	10	6
2021	10	10	5
2022	55	55	24
2023	55	40	38
2024	45	30	20
2025	20	20	16
2026	20	20	6

Kjelde: [Statistikk og nøkkeltall | IMDi](#)

Busettingstala i perioden 2022-2025 må sjåast i lys av den ekstraordinære flyktningssituasjonen som oppstod etter Russland sin invasjon av Ukraina i februar 2022. Norsk kommunar vart særleg i 2022-24 oppmoda om å busetja eit historisk høgt tal flyktningar. Lærdal kommune tok sin del av det nasjonale ansvaret, noko som forklarar auken i busettingar.

Bustadar

Kommunen har etter bustadsosiallova eit ansvar for å førebyggje bustadsosiale utfordringar og bidra til at personar som er vanskelegstilte på bustadmarknaden får hjelp til å skaffe og behalde ein eigna bustad. Dette omfattar også busetting av flyktningar, der tilgang til trygge og eigna bustader er ein grunnleggjande føresetnad for vellukka integrering og inkludering. Kommunen skal ha oversikt over bustadbehovet og ta bustadsosiale omsyn i planlegging og tenesteutvikling.

Plan for busetting, integrering og inkludering må sjåast i samanheng med kommunen sin [bustadpolitiske handlingsplan](#). Handlingsplanen peikar blant anna på auka press på bustadmarknaden som følgje av busetting av flyktningar, mangel på kommunale utleigebustader og behov for betre samordning av bustadarbeidet. Samstundes skisserer planen tiltak som kjøp av fleire eigna bustader, samarbeid med private utbyggjarar, bruk av tilvisingsavtalar og utnytting av Husbanken sine verkemiddel for å sikre tilstrekkeleg bustadkapasitet framover.

Flyktningtenesta disponerer 38 bustader til utleige til flyktningar i Lærdal kommune. Av desse er 16 kommunale bustader eigde av Lærdal kommune, medan 22 bustader blir leigde frå private huseigarar. I tillegg disponerer Nav sosial nokre kommunale bustader for framleige. Desse er ikkje medrekna i dei 38 bustadane.

Den vedlagde planen skal bidra til meir systematikk, avklare ansvar og forplikte flyktningtenesta og teknisk drift til regelmessig oppfølging. Slitasje over tid gjer det nødvendig med jamlege synfaringar, planlagt vedlikehald og rettleiing om bruk og ivaretaking av bustaden. Oppfølginga krev tid, tydeleg ansvarsdeling og tett samarbeid mellom flyktningtenesta og teknisk drift.

Ressursane til dette har dei siste åra vore avgrensa, og det må difor takast omsyn til kor mange bustader tenestene kan følgje opp på ein forsvarleg måte.

Personar frå Ukraina med mellombels kollektiv beskyttelse har i praksis avgrensa moglegheit til å få lån til kjøp av eigen bustad. Dette gjer det vanskeleg for denne gruppa å gå vidare frå leigemarknaden til eigd bustad. Samstundes er den ordinære leigemarknaden i Lærdal pressa. Kommunen må difor framleis i stor grad sikre bustader gjennom egne kommunale bustader og leigeavtalar med private huseigarar.

Sysseting og aktivitet blant flyktningar i integreringsperioden

Flyktningtenesta/Nav har arbeid og utdanning som hovudmål i integreringsarbeidet frå busettingstidspunktet. Der dette ikkje er mogleg, vert det lagt til rette for andre aktivitetar. Høg alder og redusert arbeidsevne kan påverke den enkelte si moglegheit til deltaking. Oversikta under syner status for sysseting og aktivitet blant flyktningar som er busette i Lærdal frå 2022 til og med august 2026, og som er i integreringsperioden.

Status eller aktivitet	Tal personer
Arbeid	32
Introduksjonsprogram	9 (per juli)
Utdanning eller på kurs	5
Arbeidsuføre	2
Over arbeidsfør alder	7

I foreldrepermisjon	2
Arbeidsledig	2
Flytta	7
Barn under 18 år v/busetting	42
Totalt	108

Talet på personar i oversikta er noko høgare enn dei offisielle busettingstala. Dette kjem av at data også omfattar personar som ikkje inngår i den offentlege busettingsstatistikken, mellom anna barn fødte etter busetting og personar som har flytta til kommunen gjennom sekundærbusetting.

Elles syner tabellen eit godt resultat, med høgre sysselsettingstal enn nærliggande kommunar.

Introduksjonsprogrammet

Flyktningar i introduksjonsprogram er tre dagar per veke på norskopplæring ved vaksenopplæringa i Lærdal. Aurland kommune kjøper tenester hjå vaksenopplæringa i Lærdal. Transport blir kjøpt som teneste der det er behov, som til dømes frå Aurland/Flåm. To dagar per veke er avsett til språkpraksis. Dei fleste deltakarar får språkpraksisplass, sjølv om det nokre gangar kan vere utfordringar knytt til individuelle problemstillingar. Språkpraksis og arbeidserfaring er vurdert som avgjerande for vidare sysselsetjing, og flyktingtenesta erfarer at mange arbeidsgjevarar ynskjer å delta i inkluderingsarbeidet.

Særskilde ordningar i planen

Planen inneheld to særskilde verkemiddel retta mot arbeid, kvalifisering og sjølvstende. Formålet er å gi flyktingtenesta høve til å nytte målretta tiltak i situasjonar der ordinære ordningar ikkje er tilstrekkelege for å oppnå overgang til arbeid, utdanning eller varig deltaking i samfunnet.

Eitt av desse verkemidla er støtte til førarkort som integreringstiltak. Lærdal kommune vedtok i 2018 ei ordning med universell støtte til førarkort for flyktningar i integreringsperioden. I perioden frå 2018 til juli 2026 har 28 personar fått støtte gjennom ordninga, der 7 av desse ikkje har fullført. Det er i tillegg 2 nye søknadar der begge ikkje har starta enda, fordi kravet om bestått teori ikkje er gjennomført.

Erfaringane frå flyktingtenesta viser at behovet har endra seg sidan ordninga vart innført. Flyktinggruppa som blir busett i dag, skil seg frå tidlegare år, mellom anna ved at mange har mellombels kollektiv beskyttelse frå Ukraina. Samstundes har enkelte allereie førarkort frå heimlandet som kan nyttast mellombels i Noreg. Av den grunn er det berre 3 ukrainarar som har søkt på ordninga. Resterande søkjarar har sitt opphav utanfor Europa. Det vil seie at størstedelen av alle førarkorttiltaka var før 2022.

Det er også avdekt at den tidlegare ordninga kunne omfatte ungdom som fyller 18 år i integreringsperioden, noko som kan gi ei urimeleg forskjellsbehandling samanlikna med andre ungdomar.

Ei anna erfaring er at nokre har sett seg i gjeld ved at 25% av kostnaden må dekkast sjølv med den gamle ordninga.

Kommunedirektøren vurderer likevel at førarkort i mange tilfelle framleis kan vere eit føremålstenleg integreringstiltak, og bør vidareførast med andre vilkår. Lærdal er ein distriktskommune med avgrensa kollektivtilbod, og tilgang til førarkort kan vere avgjerande for å ta imot arbeid, gjennomføre utdanning eller språkpraksis, følge opp barn og bli meir sjølvstendig i kvardagen.

For å få innspel frå fagmiljø med praktisk erfaring vart det sendt førespurnad til tre trafikkskular i regionen. Kommunen har motteke svar frå to av skulane, og desse er lagde ved saka. Innspel peikar på at kostnader og opplæringsbehov varierer betydeleg ut frå språkferdigheiter og tidlegare køyreerfaring, men understrekar samstundes at førarkort kan vere viktig for deltaking i arbeid og lokalsamfunn.

I lys av erfaringane og endringane vurderer kommunedirektøren at ordninga bør vidareførast, men som ei behovsprøvd ordning. Planen skildrar vilkår og føringar for ordninga, og legg opp til at støtte til førarkort berre kan innvilgast etter søknad og individuell vurdering. Støtta skal vurderast ut frå dokumentert behov, språkkompetanse, motivasjon og sannsynleg effekt for arbeid eller utdanning. Det blir stilt krav om bestått teoriprøve og munnlege norskferdigheiter på minst nivå A2. Ordninga er avgrensa til flyktningar i integreringsperioden og omfattar ikkje barn av busette flyktningar som fyller 18 år i denne perioden.

Det andre verkemiddelet er arbeidsstimulerande tiltak finansiert gjennom integreringsfondet. Tiltaka skal kunne nyttast der ordinære arbeidsmarknadstiltak ikkje er tilgjengelege eller ikkje er tilstrekkelege, og der tidsavgrensa lønsmidlar eller tilskot til kommunale avdelingar kan bidra til å gi relevant arbeidserfaring og betre moglegheiter for varig arbeid.

Tiltaka skal vere klart avgrensa i tid og omfang, og vere knytte til ein konkret plan for overgang til ordinært arbeid, utdanning eller vidare kvalifisering. Ordningane skal ikkje finansiere ordinær drift eller fortrenge ordinære tilsetjingar. Erfaring frå integreringsarbeidet viser at enkelte flyktningar fell utanfor eksisterande verkemiddel, samstundes som kortvarig og målretta arbeidspraksis kan vere avgjerande for å etablere kontakt med arbeidslivet og oppnå varig tilknytning til arbeidsmarknaden.

Kapittel 13 og 14 i planen gir flyktningtenesta i Nav delegert mynde til å vurdere og innvilge tiltak innanfor dei rammene kommunestyret fastset gjennom planen. Bruken av ordningane skal dokumenterast og rapporterast årleg til politisk nivå.

Økonomiske konsekvensar

Den tidlegare førarkortordninga har hatt ein samla kostnad på kr 909 707 i perioden 2018–2026. Totalt 28 personar har fått støtte gjennom ordninga, der nokre så vidt var komen i gang før dei avslutta. Overgang til behovsprøvd ordning er vurdert å kunne gi meir målretta bruk av midlar og redusere risikoen for høge utgifter, samstundes som støtte kan innvilgast når førarkort er eit nødvendig integreringstiltak.

Arbeidsstimulerande tiltak i kapittel 14 blir finansierte frå integreringsfondet innanfor ei årleg ramme på kr 600 000. Tiltaka skal vere tidsavgrensa, dokumenterte og evaluerte. Dersom det er behov for å gå ut over ramma, må dette godkjennast av kommunedirektøren og vere innanfor kommunen si samla økonomiske ramme.

Det er vurdert at Lærdal kommune har tilstrekkeleg med integreringstilskot til å kunne forvalte desse ordningane. Estimat over utbetaling av integreringstilskot for år 2026 er om lag kr 17,22 mill. Dette er utan tilskot for framtidige busettingar i år 2026.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at planen kjem på eit rett tidspunkt. Etter fleire år med ekstraordinær busetting som følge av krigen i Ukraina er det behov for å gå frå krisehandtering til meir langsiktig planlegging. Planen gir eit tydeleg rammeverk for busetting, integrering og inkludering i planperioden, og klargjer ansvaret mellom flyktingtenesta, sosialtenesta, vaksenopplæringa, teknisk drift, oppvekst, helse og frivillig sektor, og legg til rette for betre samhandling.

Planen tek omsyn til at flyktingsituasjonen kan endra seg raskt, samstundes som kommunen må sikra berekraftig drift og kapasitet i eigne tenester.

Dei største utfordringane framover er tilgang på bustader, avgrensa kollektivtilbod og kapasitet i enkelte kommunale tenester. Planen legg opp til at kapasitet blir vurdert både ved årlege oppmodingar frå IMDi og ved konkrete fordelingar av flyktningar.

Kommunedirektøren vurderer at dei særskilde verkemidla i planen er målretta og forsvarlege. Den reviderte førarkortordninga går frå ei universell til ei behovsprøvd ordning og gir betre treffsikkerheit både fagleg og økonomisk. Arbeidsstimulerande tiltak kan i enkelte tilfelle bidra til raskare overgang til arbeid der ordinære verkemiddel ikkje er tilstrekkelege.

Årleg rapportering til politisk nivå vil gi høve til å følgje utviklinga innan busetting, økonomi, kapasitet og måloppnåing, og leggje grunnlag for eventuelle justeringar i planperioden.

Kommunedirektøren tilrår at planen blir vedteken.